

# Referat idrettslaget sin turmarsj på Fedje 1. mai 2022

Etter avlysning i 2020 og comeback i fjor var det nok ein gong duka for dette tradisjonsrike arrangementet, som har halde det gåande på Fedje sidan 1986. Før 1986 skal det ikkje ha vore vanleg å gå rundt i marka, slik det er i dag etter at turmarsj-traseen utvikla seg til i bli ein del av Nordsjøløypene. Det var heile 131 deltakarar i temmeleg fint vårvêr. Som vanleg 5 postar undervegs med 5 spørsmål på kvar, og 3 svaralternativ på kvart spørsmål. Snittresultatet var 17,8 av 25 poeng, som er litt over normalen.

I år var det to gjengangar-familiar som kniva om tittelen. Annika Tvedt Villanger gjekk til topps i 2010, og i fjor var det dottera Mathilde som vann. I år enda dei begge opp med 22 av 25 riktige, noko ingen andre overgjekk. Men dei vart tangert av vinnaren frå 2019, Trond-Willy Færøy, som saman med yngstedottera Aurora enda opp med same poengsum. For å skilja dei på delt 1. plass måtte ein sjå til tiebreakeren, som var spørsmålet om kor mange prosent av einebustadene på Fedje som er eigd av nokon som ikkje er busett på øya til dagleg. Det riktige svaret er 31,5 %, og Aurora Njøten Færøy stakk av med sigeren etter å ha tippa 35 %. Ekstra spanande vart det sidan Bjarte Villanger tippa 32 %, men endte opp eitt poeng bak kona og eldstedottera. Normalen er elles at familiar går i lag og samarbeider, og ein skal ikkje leggja skjul på at vinnarjentas far Trond-Willy, som i tillegg til sigeren i 2019 tok andreplassen i 1999 bak Bjørn Ove Ruud (som vann tre år på rad i 1999-2001) hadde ei viktig rolle denne gongen. Trond-Willy er den som på vegne av vinnaren står for sigersintervjuet, då Aurora hadde lagt seg då telefonen med den glade beskjeden kom.

*«Heilt ærleg, Trond-Willy, er det litt bittert at det er Aurora og ikkje du som står øvst på lista?»*

*«Slett ikkje! Me sa før start at det viktigaste var at sigeren gjekk til ein i familien. Dobbelt siger er ein draum, spinnvilt! At det var Aurora som stakk av med førsteplassen, det er ein siger også for meg, og heile familien»,* forsikrar Trond-Willy, som fortel korleis dei delte seg opp der dei var usikre.

*«Eg har lenge etterlyst å kunne betala ekstra for å få nokre heil- og halvgarderingar, altså utover det ein kan få til gjennom å samarbeida internt i familien, men heldigvis vart det ikkje behov for det i år.»* Han legg til at han er godt nøgd med at arrangøren har tatt lærdom av den teknologiske utviklinga, og lagt til ein del spørsmål kor det ikkje er så lett å google med mobilen. På spørsmål om han hadde trua på at sigeren skulle gå til nokon i familien, stadfestar han dette. *«Eg følte det gjekk veldig bra. Eg var forberedt på at Bjarte (Villanger) og Otto (Nordby) m/familiar ville gje tøff motstand, så ikkje overraskande at dei var hakk i hæl.»*

Spørsmåla bestod som vanleg av ein god miks av lokale spørsmål, samfunnsaktuelle tema, fotball, noko for barn og unge, samt allmennkunnskap og nokre logiske nøtter.



Øvst: Deltakarar ute i løypa. Under Aurora som vann.



## Historikk frå og med 2009:

År	Vekedag	Tal deltakarar	Vinnar	Av 25		Merknad
				Vinnarpoengsum	Snittpoeng alle deltakarar	
2022	Søndag	131	Aurora Njøten Færøy	22	17,9	
2021	Lørdag	140	Mathilde Tvedt Villanger	25	16,5	
2019	Onsdag	127	Trond-Willy Færøy	22	15,9	
2018	Tirsdag	129	Marius Øien	21	16,2	
2017	Mandag	112	Tormod Olsen	24	18,5	
2016	Søndag	104	Klara Hagen	22	17,5	
2015	Fredag	122	Arvid Skogseth	22	16,5	
2014	Torsdag	113	Klara Hagen	22	15,7	
2013	Onsdag	*66	Kjetil Berg Hansen	22	15,1	*Kraftig vind og regn
2012	Tirsdag	120	Sebastian Vangsnes	23	16,7	
2011	Søndag	96	Arild Karlsen	21	16,5	
2010	Lørdag	94	Annika Tvedt Villanger	22	16,8	
2009	Fredag	124	Kamilla Kleppe Karlsen	21	13,1	

## Resultatliste

(Kun dei med minst 19 poeng, full resultatliste er sløyfa, øvrige kan ev. rekna ut eigen poengsum ut frå kva dei svarte opp mot fasit)

Plassering	Namn	Tips i % på tiebreaker	Poengsum av 25
1.	Færøy, Aurora	35	22
2.	Færøy, Trond Willy	37	22
3.	Erstad, Siri	40	22
4.	Villanger, Annika Tvedt	44	22
5.	Villanger, Mathilde	18	22
6.	Villanger, Bjarte	32	21
7.	Nordby, Otto André	35	21
8.	Meidell-Wiken, Estella	27	21
9.	Villanger, Anna	22	21
10.	Wiken, Olai	19	21
11.	Huus, Vibeke Nilsen	32	20
12.	Husa, Tino Emilian	31	20
13.	Wiken, Katrine Fagerlid	31	20
14.	Husa, Levin Mikal	33	20
15.	Berg, Linnea	33	20
16.	Skogseth, Kristina	30	20
17.	Gullaksen, Adele	30	20
18.	Huus, Ketil Kleivdal	30	20
19.	Villanger, Jenny	35	20
20.	Horgen, Ole Martin	36	20
21.	Gullaksen, Silje Sulen	38	20
22.	Nordøy, Erle	38	20
23.	Wiken, Laura Steinsbø	38	20
24.	Villanger, Henrik	25	20
25.	Hagen, Olav Skogseth	24	20
26.	Wiken, Arent	23	20
27.	Berg, Leander	17	20
28.	Nordby, Sondre	15	20
29.	Berg, Camilla Horgen	13	20

30.	Husa, Emilio Ingebjørn	32	19
31.	Husa, Mette	30	19
32.	Corneliussen, Bjørn	30	19
33.	Walle, Johannes	30	19
34.	Norstrand, David Gullaksen	30	19
35.	Norstrand, Celina Gullaksen	30	19
36.	Hagen, Åsmund Skogseth	29	19
37.	Corneliussen, Hege	35	19
38.	Karlsen, Kamilla Kleppe	37	19
39.	Husa, Jens	40	19
40.	Nordby, Stine Mari G. S.	20	19
41.	Storemark, Ellie	47	19
42.	Aksnes, Pia	47	19
43.	Karlsen, Martin	48	19
44.	Karlsen, Oskar	49	19
45.	Storsæter, Ole-Jørgen	49	19
46.	Storsæter, Noah	49	19
47.	Hernar, Edel	11	19
47.	Aksnes, Pernille	59	19
47.	Aksnes, Victoria	60	19

**Fasit:** Alternativet i **kvitt på svart** er det riktige. I parentes står det kor mange prosent som svarte det alternativet.

1. Kva er eit anna ord for tyngdekraft ?

1) Grammofon (0 %)

X) Graviditet (9 %)

**2) Gravitasjon (91%)**

2. Kva tema innan språk vart med eitt særst aktuelt tidlegare i år?

**1) Om Ukraina sin hovudstad skal stavast «Kiev» eller «Kyiv» (97 %)**

X) Om øya du no befinn deg på skal stavast «Fedje» eller «Feie» (3 %)

2) Om Trond Giske sitt etternamn skal *uttalast* «Giske» eller «Jiske» (0 %)

3. Kven av desse har **ikkje** fått sparken i Brann etter utanomsportslege hendingar?

1) Kristoffer Barmen (6 %)

**X) Frithjof Wilborn (79 %)**

2) Trond Egil Soltvedt (15 %)

4. Om lag kor mange einebustader er det på Fedje?

(Einebustad nytta som hytta tel som einebustad, hytte nytta som heilårsbustad tel som hytte.)

1) 250 (25 %)

**X) 275 (37 %)**

2) 300 (38 %)

**Ved førre årsskifte var det i følgje matrikkelen registrert 275 einebustader (og elles 54 hytter) i Fedje kommune.**



5. Kven er dette?

1) Skodespelar Bjarne Hjeltnes (10 %)

**X) Arbeids- og inkluderingsminister Marte Mjøs Persen (85 %)**

2) LO-leiar Peggy Hessen Følsvik (5 %)

6. Kva heiter sjefen for PAW Patrol?

1) Ryder (93 %)

X) Kontrollsjefen (4 %)

2) Doc Hudson (3 %)



7. Kva er denne mannen?

1) Helsedirektør (3 %)

X) Assisterande helsedirektør (96 %)

2) Assistenten til Helsedirektøren, med ansvar for mellom anna kaffe-koking og å organisera møtekalenderen til Helsedirektøren (1 %)

8. Kva heiter mannen til kronprinsesse Victoria av Sverige?

1) Christer (3 %)

X) Daniel (94 %)

2) Glenn (3 %)

9. Kven slo hardest?

1) Will Smith då han slo til Chris Rock under Oscar-utdelinga i 2022 (20 %)

X) Martin Schanche då han slo til Torgeir Micaelsen under ein skuleval-debatt i 2003 (29 %)

2) John Carew då han slo til John Arne Riise under ei landslagssamling i 2003 (51 %)

*Dei to førstnemnde slo ikkje nemneverdig hardt. Riise omtaler episoden i det nedste svaralternativet slik i sin sjølvbiografi: «Da treffes jeg plutselig av et tungt knyttneveslag i tinningen [...] Slaget kom bakfra, traff klokkestrengene, og hodet mitt dunket hardt inn i sideruta, før det landet på hodestøtten. [...] han [...] fortsatte å slå, men med albuen nå, alt han maktet, før noen av de andre fikk revet ham bort [...] Jeg var knokket». «Riise selv sier han ikke husker så mye av det som skjedde etterpå, men at han er blitt fortalt at han hang med hodet livløst ut mot midtgangen.»*

10. Kva er det neste i denne rekkja? LEL - PAU - TSC - EAT - LLM - ???

1) IND (35 %)

X) EID (25 %)

2) SEI (40 %)

*Rekkja er initialane til vinnarane av Farmen Kjendis i kronologisk rekkjefølge: Leif Einar Lothe – Pål Anders Ullevålseter – Tiril Sjøstad Christiansen – Erik Alfred Tesaker – Lasse Løkken Matberg – Isak Nessestrand Dreyer*

11. Kor mange søsken har Lille Jack?

1) Sju (12 %)

X) Ni (56 %)

2) Ti (32 %)

12. Kva har Andreas Wahl *ikkje* vore programleiar for?

1) Forbrukerinspektørene (FBI) (69 %)

X) Klassequizen (16 %)

2) Barne-TV (15 %)

13. Kva skal Jesus ha laga vatnet om til i bryllaupet i Kaanan?

1) Gin (0 %)

X) Vin (99 %)

2) Whisky (1 %)

14. Kven av desse har *ikkje* investert i Feddie Distillery?

1) Idrettspresident Berit Kjøll (23 %)

X) Schibsted-konsernsjef og tidlegare NHO-sjef Kristin Skogen Lund (9 %)

2) Noregs sentralbanksjef Ida Wolden Bache (68 %)

15. Kva for ein påstand er riktig?

1) Tidl. direktør i Utlendingsnemnda Terje Sjøggstad har så å seia alltid hatt skjegg (46 %)

X) KrF-leiar Olaug Bollestad sin livrett er bollar (42 %)

2) Klima- og miljøminister Espen Barth Eide har så å seia alltid hatt bart (12 %)

*Olaug Bollestad sin livrett er (i følgje eit intervju) lammefrikassé.*

16. Kva vann Farmen Kjendis-vinnar Isak Dreyer før Farmen?

1) Norges kuleste (0 %)

X) Norges råeste (7 %)

2) Norges tøffeste (93 %)

17. Kven var både med i Maskorama og er ein av programleiarane i Alle mot 1?

1) Victor Sotberg (99 %) X) Marcus Bailey (1 %) 2) Haddy Njie (0 %)

18. Kven skada seg og rauk leddband og to meniskar i den nye utgåva av Fangene på Fortet?

1) Frank Løke (46 %) X) Frithjof Wilborn (44 %) 2) Trond Giske (10 %)

19. Kva er det flest av?

1) Stjerner i universet (60 %) X) Sandkorn på jorda (19 %) 2) Vatnmolekyl i eit 2 dl glas med vatn (21 %)

*Stjerner: Dei vanlegaste anslaga er mellom  $10^{22}$  og  $10^{23}$  ( $10^{22}$  vil seia eit 1-tall med 22 nullar bak).*

*Sandkorn på jorda: Om lag  $10^{21}$ , eller truleg noko lågare.*

*Vatnmolekyl i 2 dl vatn: Avogadros konstant på  $6,022 \times 10^{23}$  angir kor mange hydrogenatom det er i eitt gram hydrogen. Eitt oksygenatom veg like mykje som 16 hydrogenatom, slik at eitt vatnmolekyl ( $H_2O$ ) veg like mye som 18 hydrogenatom. I 200 gram vatn er det difor  $200/18 \times 6,022 \times 10^{23} = 6,69 \times 10^{24}$  vatnmolekyl, som er fleire enn sjølv dei høgste anslaga ekspertar nyttar om talet på stjerner i universet.*

20. Kvifor måtte Hadia Tajik trekkja seg som statsråd og som Arbeidarpartiet sin nestleiar våren 2022?

1) Ho forfalska ei rekkje reiserekningar, og fekk utbetalt fleire hundre tusen kroner som ho ikkje hadde krav på (0 %)

X) I følge ei rekkje varslar som kom vinteren 2021/22 har ho i mange år optrådt upassande overfor fleire unge gutar/menn i AUF (1 %)

2) Ho vart avslørt for skatteunndraging i samband med pendlarbustader og utleige av leilighet (99 %)

21. Funkygine sitt tredje barn heiter Milano. Kva heiter det fjerde barnet?

1) Indigo Iro (82 %) X) Fioletta Idyll (8 %) 2) Rosa Harmony (10 %)

22. Kven er Noregs mest morosame kjendis, ifølgje prinsesse Ingrid Alexandra?

1) Harald Rønneberg (30 %) X) Harald Eia (3 %) 2) Kong Harald (67 %)

*På spørsmål om dette i eit nyleg intervju svara ho «bestefar».*

23. Kven var ordførar då kommunestyret gav butikken på Fedje løyve til å selja øl?

1) Erling Walderhaug (26 %) X) Ove Villanger (32 %) 2) Vilgerd Storset Husa (42 %)

*Vilgerd Storset Husa (KrF) var ordførar på Fedje frå 1995-2003. Relativt kort tid etter kommunevalet i 1995 fekk butikken innvilga løyve til å selja øl av kommunestyret. (Før dette kunne butikken «formidla» kasser med øl frå leverandør til kunde, men utan eiga inntekt.) I same kommunestyremøte fekk Holmen Cafe og Kræmmarholmen innvilga skjenkeløyve. 10 røysta for og 7 røysta mot søknadene. KrF (5 representantar) og 2 representantar frå Ap røysta mot, medan Høgre (4 representantar) og Frp (3 representantar) og 3 representantar frå Ap røysta for.*

24. 25 barn reiser på klassetur. Dei bruker 6400 kr til saman på turen. Jentene bruker 300 kr kvar og gutane bruker 200 kr kvar. Er det flest jenter eller gutar med på turen?

1) Flest jenter (59 %) X) Flest gutar (24 %) 2) Like mange gutar som jenter (17 %)

*14 jenter og 11 gutar.  $14 \times 300 + 11 \times 200 = 4200 + 2200 = 6400$ . Kan løysast gjennom likningssettet  $J + G = 25$  og  $300J + 200G = 6400$ .*

25. Austrheim er ein av Noregs vestlegaste kommunar. Kva er den mest sannsynlege årsaken til at kommunen har det noko «ulogiske» namnet Austrheim?

1) Fedje var med Kræmmarholmen ei lokal «stormakt» på 1600-talet, og Austrheim var «heimen i aust» i forhold til Fedje og dermed eit naturleg namn den gongen (10 %)

X) Austrheim og Vestrheim var to nabogarder, kor Austrheim var aust for Vestrheim. Då kommunen vart oppretta fekk den namnet Austrheim fordi kyrkja hadde fått namnet Austrheim kyrkje, sidan den var plassert innafor Austrheim gard sine grenser (85 %)

2) Namnet kjem av ei misforståing av ein sorenskrivar på 1600-talet som ein i ettertid mistenkjer var høgre-/venstre-blind og aust-/vest-blind (5 %)

26. Tiebreaker, tippespørsmål som blir avgjerande om det skulle bli delt førsteplass:

Kor mange prosent av einbustadene på Fedje er eigd av nokon som **ikkje** er folkeregistrert/buset på Fedje?

*31,5 %. (Om t.d. ein bustad er eigd 50 % kvar av to personar kor kun den eine er busett på Fedje, så reknar ein  $\frac{1}{2}$  av bustaden som eigd av nokon busett på Fedje og  $\frac{1}{2}$  eigd av nokon ikkje busett på Fedje. Tilsvarande for øvrige bustader.)*